

Postmottak BLD

Fra: Olav Bjørn Bakken [olav.b.bakken@tokke.kommune.no]
Sendt: 29. april 2011 10:26
Til: Postmottak BLD
Emne: Høyringsfråsegn frå Tokke kommune til forslag om ny busetjingsordning for flyktningar
Vedlegg: Høyringsfråsegn flyktningar.pdf

BARNE-, LIKESTILLINGS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENTET	
Arkivkode:	710
Dato:	3/5-2011
Saksnummer	201100193-108

Det Kongelege barne-, likestilling og inkluderingsdep.

Vedlagt fylgjer høyringsfråsegn frå Tokke kommune i Telemark.

Fråsegna vart vedteke i Formannskapet grunna høyringsfristen 29.april, men saka er òg sendt til kommunestyret for handsaming (24.mai) slik det gjeng fram av saksprotokollen.

Med venleg helsing

Olav Bjørn Bakken
olav.b.bakken@tokke.kommune.no
mob: 90054978, tlf 35075669
www.tokke.kommune.no

Denne e-post er skannet for virus av Crayon, med teknologi fra Comendo Security
This e-mail has been scanned for viruses by Crayon, powered by Comendo Security

PS 11/28 Høyring - forslag om tvungen busetjing av flyktningar.

Rådmannen si tilråding:

Tokke kommune stør KS si høyringsuttale til ny busetjingsmodell, og vil særleg understreke at staten fyrst bør styrkje dei økonomiske verkemidla for å oppnå raskare busetjing av flyktningar.

Kommunane er ulike og det same gjeld deira evne til å integrere ulike flyktningegrupper. Det er det lokale kommunestyret som kjenner eigen kommune best og kan vurdere om vilkåra for eit godt mottak og integrering er på plass i kommunen.

Vert likevel ei ordning med tvangsbusetjing gjennomført, må det leggjast stor vekt på - frå staten si side, å hjelpe til å sikre at kommunane har naudsynt kompetanse og kapasitet til å ta i mot dei flyktningar som vert tildela.

(Barne)familiar er mest aktuelle for busetjing i mindre distriktskommunar.

Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2011

Saka skal handsamast i kommunestyret, ikkje bare som ref.sak.

Rådmannen si tilråding vart tilrådd vedteke med 5 mot 1 røyst.

Vedtak

Tokke kommune stør KS si høyringsuttale til ny busetjingsmodell, og vil særleg understreke at staten fyrst bør styrkje dei økonomiske verkemidla for å oppnå raskare busetjing av flyktningar.

Kommunane er ulike og det same gjeld deira evne til å integrere ulike flyktningegrupper. Det er det lokale kommunestyret som kjenner eigen kommune best og kan vurdere om vilkåra for eit godt mottak og integrering er på plass i kommunen.

Vert likevel ei ordning med tvangsbusetjing gjennomført, må det leggjast stor vekt på - frå staten si side, å hjelpe til å sikre at kommunane har naudsynt kompetanse og kapasitet til å ta i mot dei flyktningar som vert tildela.

(Barne)familiar er mest aktuelle for busetjing i mindre distriktskommunar.